



STRANDA KOMMUNE

Øyna 13

6200 STRANDA

Saksbehandlar, innvalstelefon

Therese Småland, 71 25 84 94

Avslag på søknad om endring i forskrift - typisk turiststad - Stranda - hele kommunen

Statsforvaltaren i Møre og Romsdal gjer ikkje endringar i forskrifta for Stranda kommune som «typisk turiststad».

Vi viser til Stranda kommune si oversending den 29. januar 2026.

Saka gjeld

Denne Stranda AS har på vegne av næringslivet i heile Stranda kommune søkt om at kommunen i sin heilskap vert definert som «typisk turiststad» etter lov om heilagdagdar og heilagdagssfred.

Stranda kommune omfattar tettstadane og bygdene Stranda, Sunnylvn (Hellesylt), Geiranger og Liabygda. Geiranger og Hellesylt har gjennom forskrift fått fastsett status som typiske turiststader av dåverande Fylkesmannen den 25. mai 1999. Næringslivet i kommunen ønsker no ei utviding av forskrifta til å gjelde heile kommunen. Grunngevinga er at store delar av kommunen har det same reiselivspreget og turisttalet. Etter deira syn er det rimeleg at heile kommune får tilsvarende status.

Kommunestyret handsama saka den 28. januar 2026 i sak 003/26. Dei gav full tilslutnad til søknaden. Kommunen har rundt 2500 bustader og rett over 1000 fritidsbustader, noko som viser at kommunen har mykje tilreisande. Dei ynskjer å tilby tilreisande å kunne handle også på søndagar.

Kommunestyret argumenterer med at kommunen som heilskap har ein markant vintersesong og ein sommarsesong med massiv tilstrøyming av turistar. Kommunen er også ei gjennomfartsåre for mange turistar som skal til og frå store turistmagnetar som Ålesund, Geiranger, Trollstigen og indre Sunnmøre. DNB si sommarundersøking (2023) viser at Stranda var den mest besøkte kommunen i regionen (målt i kortbruk frå turistar i veke 25–32). NHO Service & Handel oppgjer at 27,6 % av all handel i Stranda skjer i juli–august. Dette plasserer kommunen på topp 10 i landet.

Det er også vist til i søknaden at næringslivet rapporterer om at gjester ofte opplever mangel på opne butikkar og spisestader som eit stort problem. Søndagsopne daglegvarebutikkar er difor ein føresetnad for at gjestene skal få handla mat under opphaldet.



Rettsleg grunnlag

Etter lov om heilagdagar og heilagdagsfred § 5, 1. avsnitt skal faste stader som sel varer til forbrukarar halde stengt på heilagdagar. Statsforvaltaren kan med heimel i § 5, 6. avsnitt, etter søknad frå kommunen, ved forskrift slå fast at eit område skal reknast som typisk turiststad for heile eller delar av året. Som turiststad kan berre reknast område der sal i den aktuelle perioden i all hovudsak skjer til turistar.

Det går fram av forarbeida til lova (Ot.prp. nr. 11 (2002-2003)) at det med typisk turiststad er meint mindre stader der salet i periodar i all hovudsak skjer til turistar. Ein siktar til område der dei faste innbyggjarane er få i høve talet tilreisande/besøkjande. Som eksemplar er det vist til Beitostølen, Geiranger, Geilo og Lyngør.

Føremålet med lovregelen er å stette tilreisande sine behov for å handle på søndagar og heilagdagar, samt å sikre næringslivet på mindre stader som er avhengig av turisttrafikken.

Relevante moment ved vurderinga er i kva grad tilreisande kan ha dette behovet. Det kan eksempelvis vere hytteturistar sitt behov for daglegvarebutikk eller behov for varer frå sportsforretning til turistaktivitetar. Eit viktig kriterium er at innkjøp frå turistar utgjer ein vesentleg del av omsetjinga på det aktuelle området, og at kundegrunnlaget er for lite til å drive næringsverksemd basert på fastbuande. Området må difor vere eit handelsområde som i turistsesongen i all hovudsak baserer seg på handel for turistar.

Statsforvaltarens vurdering

Statsforvaltaren ser at det i hovudsak er for kommunesenteret Stranda at ei utviding av forskrifta kan ha betyding. Det er i dag ingen daglegvarebutikker i Liabygda, og dei to andre bygdene i kommunen har allereie status som typisk turiststad.

For kommunesenteret Stranda vil det som alle andre stader i ein turistsesong være omsetnadsauke grunna auka tilstrøyming. Dette vil gjelde for dei fleste kommunar. Vi ser derimot ingen indikasjon på at kundegrunnlaget i Standa sentrum er for lite til å kunne drive butikkane berre basert på fastbuande og på ordinær handel utanom søndagar.

Lov om heilagdagar og heilagdagsfred erstatta den tidlegare opningstidslova som inneheldt opningstidsrestriksjonar. Etter lov om heilagdagar og heilagdagsfred er det slik at daglegvarebutikker no i stor grad har lange opningstider, også på laurdag. Det er difor mogeleg å halde ope lenge på laurdagar for å kunne tilby dei tilreisande og hyttefolket handelsmoglegheiter. Det er også mogeleg etter lova å ha mindre utsalsstader med samla salsflate under 100 m² ope på søndagar. Daglegvarehandelen har difor ein utvida tilgang til handel på søndagar og heilagdagar ved å innrette seg med ei redusert salsflate.

Etter lova § 5, 2. avsnitt er det i tillegg gjeve ei rekke unntak frå reglande om at faste utsalsstader skal halde stengt på søndagar. Dette inneber at mellom anna serveringsstader, bensinstasjonar av ein viss storleik, utsalsstad/kiosk på campingplassar i sesongen, kunstgalleri og utsalsstader som i det vesentlege sel lokale husflids- og suvenirar kan halde ope. Dette reduserer behovet for ytterlegare handel på søndagar og heilagdagar.

Lovgjevaren har lagt opp til ein høg terskel for å kunne fastsetje ei forskrift om typisk turiststad i hovudsak av omsyn til daglegvarehandelen. Sjølv om det er jamn flyt med turistar gjennom heile Stranda kommune, er vår vurdering at bygdene Geiranger og Hellesylt skil seg frå det som gjeldt for



resterande delar av kommunen. Dette er mindre bygder utan tilsvarande fast kundegrunnlag som Stranda sentrum.

Vi kan difor ikkje sjå at vilkåra er oppfylt for å endre forskrifta om typisk turiststad til å gjelde heile kommunen.

Avgjerd

Med heimel i lov om heilagdagane og heilagdagsfred § 5, sjette avsnitt, vel Statsforvaltaren å ikkje endre og utvide forskrifta om typisk turiststad av 25. mai 1999, til å gjelde for heile Stranda kommune.

Denne avgjerda er ikkje eit enkeltvedtak som kan klagast på.

Med helsing

Andreas Welle Rusten (e.f.)
seniorrådgivar

Therese Småland
seniorrådgivar

Dokumentet er elektronisk godkjent

Kopi til:

DENNE STRANDA AS

Bankgata 1

6200

STRANDA